



Til

**Radøy Kommune,**

Radøyvegen 1690

N-5936 MANGER

HORDALAND KOMMUNE		http://hordaland.lr.no	
JOURNALFØRINGS NR.	13/11397	11/1057-6	
SAKSEMÅND	TMU	11 NOV 2013	KOMMUNAL
KLASSERING P	223	KLASSERING S	

**Att.:**

Dykkar ref.:

Vår ref.: **LLY/8108/2013-1**

8. november 2013

## Søknad om kommunalt tilskot til Norsk Landbruksrådgiving (NLR) Hordaland i 2014

Norsk landbruksrådgiving Hordaland vil takke for tilskot **Radøy Kommune**, tidlegare har gjeve til arbeidet vårt, og vi søker no om tilskot for 2014. Vi vonar kommunen har nytte av samarbeidet med landbruksrådgivinga og arbeidet vi utfører.

Mange kommunar i Hordaland gjev oss tilskot. Summane varierer, men for oss er tilskotet viktig og gjev oss moglegheit til informasjons- og utviklingsarbeid, som er vanskeleg å finansiere fullt ut med andre midlar. NLR Hordaland er ein medlemsorganisasjon, og i alt er 1540 bønder i Hordaland medlem hjå oss.

Vi er ei uavhengig, landbruksfagleg rådgivingsteneste. Rådgevarane våre, som har kontor fleire plassar i fylket, ynskjer å vere gode støttespelarar for kommunane og bøndene, både når det gjeld utvikling av landbruket og informasjon om tilskotsordningar, reglar, forskrifter og andre nyhende som gjeld landbruket.

I år kan vi nemne at vi i samband med innføring av nye rutinar for søknad om RMP-tilskot og krav om miljøplan trinn2, publiserte nyttig informasjon om dette på nettsidene våre. Vi haldt også kurs i mange kommunar.

Frå i år gjeld nye forskrifter for tilskot til drenering av jordbruksareal. Vi har lagt ut informasjon om ordninga på nettsidene våre, vi har publiserte artiklar i rådgivingsmeldingane våre og vi har halde kurs. Fleire av rådgevarane våre kan hjelpe bonden med grøfteplanar.

### Fagleg verksemd – utvikling av landbruksnæringa

Dei kommunale tilskota medverkar til at vi kan få ny landbruksfagleg kunnskap lokalt i Hordaland. Vi har dei siste åra hatt fokus på optimal produksjon av gras og grovfôr, både på fagmøter og ved individuell rådgiving, og utvikla fleire nye rådgivingstilbod for husdyrproduzentane.

NLR Hordaland har kvart år kurs i bedriftsutvikling og etablering i landbruket. Økonomirådgevarane våre gjev i tillegg individuelle råd til bønder i heile fylket, i saker som gjeld næringsutvikling, etablering av nye næringar, driftsplanar og søknader om tilskot til innovasjon Norge.

Vi tilbyr også tenesta «Betre Bunnlinje». Gjennom ei grundig vurdering av drifta på garden gjev vi råd om korleis økonomien kan verte betre, enten ved å redusere kostnadene eller å auke inntektene.

Betre økonomisk resultat i landbruket og utvikling av næringa, gjev auka verdiskaping og sikrar arbeidsplassar på gardane, som igjen medverkar til inntekt i kommunen. NLR Hordaland ynskjer å vere ein viktig støttespelar for bonden der nyskaping og utvikling skjer. Våre rådgevarar har brei erfaring og godt nettverk, og vi kan foreslå løysingar eller peike på utfordringar som bonden sjølv ikkje har tenkt på.

Den offentlege miljøforvaltninga har i det siste lagt vekt på landbruket si rolle for det biologisk mangfaldet og for å ta vare på kulturminne knytt til landbruksareal. Ein av våre rådgevarar har i år

**Kompetanse for framtida!**



arbeidd mykje med skjøtselplanar for utvalde kulturlandskapområde og kulturminne, og vi har no god kompetanse på dette området.

### Jordbær- og bringebærproduksjon i Hordaland

Arbeide vårt med å motivere fleire til å produsere bær held fram. Det er ein aukande interesse for bær dyrking i heile fylket. Vi tilbyr alle nye bærprodusentar tett oppfølging gjennom heile vekstsesongen, både ved besøk på garden og fagmøte. Vi sendar også ut eigne rådgivingsmeldingar for bær dyrkarane på e-post.

### Hjelp til å imøtekomme offentlege krav

Det er mange som spør oss om regelverk, forskrifter og tilskotsordningar for landbruket. Vi legg vekt på at rådgjevarane skal vere oppdatert på endringar som skjer, slik at vi kan gje gode råd og svar. NLR Hordaland ser det som ei viktig oppgåve å hjelpe bøndene å imøtekomme offentlege krav. Vi tek jordprøver og utarbeidar gjødselplanar, hjelper til med miljøplanar, trinn 1 og 2, og KSL.

### Informasjon frå oss.

Informasjon ut til bonden og landbruksnæringa er viktig. Gjennom heile året arrangerer vi informasjonsmøte, markdagar og kurs om nyhende og nye utfordringar for landbruket, ofte i samarbeid med kommunane eller fylkesmannen. Vi sender ut e-postmeldingar til medlemmer og samarbeidspartnarar. I år har vi også hatt ei ordning med at våre medlemmer får tilsendt Bondevennen 6 gonger.

Om de ikkje får rådgivingsmeldinga vår på e-post, send ei melding til [hordaland@lr.no](mailto:hordaland@lr.no). På nettsida vår <http://hordaland.lr.no/> legg vi ut informasjon om verksemda og nyhende i landbruket. Vi har også eigen Facebook-side.

### Anna

Vi yter tenester til alle, også til dei som ikkje er medlemmer. Våre kurs, fagmøte og markdagar er opne for alle, og vår kompetanse kan kome alle bønder til gode.

Vi får også tilskot gjennom jordbruksavtalen. Offentlege tilskotet har kvart år hatt ein reell reduksjon. Reduksjon i tilskotskroner har vi klart å erstatte i hovudsak ved auka eigenbetaling, men også gjennom prosjektinntekter, oppdragsverksemd og effektivisering av drifta. Om dei kommunale tilskota fell heilt vekk, vert det vanskeleg å oppretthalde aktiviteten på det nivået vi har i dag.

Vi ynskjer eit godt samarbeid med kommunane i Hordaland og set pris på innspel frå kommunane når det gjeld aktivitetar vi kan samarbeide om. Vi kan også ta oppdrag for kommunane blant anna når de gjeld arbeid med kommuneplan, verdsetting av landbruksareal, vurdering av areal for landbruksproduksjon mm.

Vi håpar **Radøy Kommune**, framleis vil yte oss økonomisk stønad og søker om eit tilskot på kr. 8000,- for år 2014.

Med venleg helsing  
for  
Norsk Landbruksrådgiving Hordaland

*Liv Lyngstad*  
Liv Lyngstad, dagleg leiar



# Treng du jordprøver og gjødselplan?

## Kontakt

Lise Austrheim  
Tlf 98 24 58 31

Henrik Tellevik  
Tlf 98 24 58 32

Jorunn R. Hernes  
Tlf 98 24 58 34

Gunnlaug Røthe  
Tlf 98 24 58 35

Einar Tvedt  
Tlf 98 24 58 36


Mari Aker  
Tlf 98 24 58 40

Torleiv Bakke Haavik  
Tlf 98 24 58 33

**NLR Hordaland –  
Rådgiving:**  
Ei heilskapleg og  
samordna rådgiving.

Norsk  
Landbruksrådgiving  
Hordaland  
Sjusetevegen 27  
5610 Øystese  
Tlf: 982 45 838  
E-post: [hordaland@lr.no](mailto:hordaland@lr.no)  
<http://hordaland.lr.no>

NO 882 348 792 MVA



Norsk Landbruksrådgiving Hordaland tek jordprøver og set opp gjødselplan. Vi kontaktar medlemene kvart 4. år for å tilby jordprøver og/eller oppdatering av gjødselplanen. Dersom du vil gjere nytte av tilbodet utanom tur, er det berre å ringe og gjere avtale med oss.

Vi kjem heim til deg og tek jordprøver som blir sendt til analysing. Når resultatata ligg føre, finn vi i samråd med bonden fram til ei fagleg god og billeg gjødsling som gir ønska kvalitet. Gjødselplanen blir sendt på e-post eller i posten. Planen stettar offentlege krav.

Tilbodet inkluderer:

- Representative jordprøver for garden.
- Gjødselplan sett opp ved hjelp av dataverktøyet Skifteplan.
- Kart over skifta, dei nyaste og beste vi klarer å skaffe.

Pris jordprøver: for frammøte + pr. prøve. Timepris for gjødselplan. Sjå nettsida eller ta kontakt. Laboratoriet fakturerer i tillegg for sjølve analysen (ca.150-200 kr/stk)



**Norsk** Hordaland  
**Landbruksrådgiving**

Kompetanse for framtida



# Skal du søke om SMIL-midlar?

## Kontakt

**Gunnlaug Røthe**  
Tlf. 98 24 58 35

**Liv Lyngstad**  
Tlf 98 24 58 30

**Henrik Tellevik**  
Tlf 98 24 58 32

**Einar Tvedt**  
Tlf 98 24 58 36

**Lise Austrheim**  
Tlf 98 24 58 31

**Torleiv Bakke  
Haavik**  
Tlf 98 24 58 33

**NLR Hordaland –  
Rådgiving:**  
Ei heilskapleg og  
samordna rådgiving.

Norsk  
Landbruksrådgiving  
Hordaland  
Sjusetevegen 27  
5610 Øystese  
Tlf: 982 45 838  
E-post: hordaland@lr.no  
http://hordaland.lr.no

NO 882 348 792 MVA



Norsk Landbruksrådgiving Hordaland kan hjelpe med å utarbeide fullstendig søknad om midlar til Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL-tilskot), Du får:

- omtale av prosjektet
- kostnadsoverslag
- bilete
- kart
- miljøplan trinn 2

Døme på tiltak ein kan søkja støtte til:

- beiterydding og inngjerding
- restaurering av gamle hus
- tilrettelegging for turferdsle
- istandsetting av styva tre

Søknadsfrist og kva tiltak som blir prioriterte, varierer mellom kommunane. Vi kan òg hjelpe til med miljøplan trinn 1.

Timepris, sjå nettsida eller ta kontakt.



**Norsk** Hordaland  
**Landbruksrådgiving**

Kompetanse for framtida



# Bedriftsrådgiving - næringsutvikling

## Kontakt

**Bart van Gool**  
Tlf 98 24 58 37

**Ester Helland**  
Tlf. 98 24 58 42

**Jorunn R. Hernes**  
Tlf 98 24 58 34

**Henrik Tellevik**  
Tlf 98 24 58 32

**Leif Trygve Berge**  
Tlf 98 24 58 39

**Liv Lyngstad**  
Tlf 98 24 58 30



Norsk Landbruksrådgiving Hordaland kan gi deg rådgiving i alle oppgaver du står overfor som bedriftsleder i landbruket. Vi hjelper deg på veien i en strategisk planleggingsprosess. Vi drøfter gjerne muligheter og løsninger med deg. Tilbudet er fleksibelt og tilpasses behovet til hver enkelt. På første møte setter vi opp hva rådgivingsoppgaven skal omfatte og lager plan for rådgiving.

Vi tilbyr rådgiving ved:

- Etablering av nye næringer
- Utarbeiding av forretningsplaner
- Søknader om utviklings- og etableringsstipend
- Endringer i eksisterende driftsopplegg
- Etablering av samdrift eller andre samarbeidsløsninger
- Søknader om investeringstilskudd
- Oppstart/overtaking av gardsdrift
- Generasjonsskifte

Timepris, se nettsida eller ta kontakt.

Norsk Landbruksrådgiving  
Hordaland  
Sjusetevegen 27  
5610 Øystese  
Tel: 98 24 58 38  
E-post: [hordaland@lr.no](mailto:hordaland@lr.no)  
<http://hordaland.lr.no>

NO 882 348 792 MVA  
Bank 3411.23.62632



**Norsk** Hordaland  
**Landbruksrådgiving**

Kompetanse for framtida



# Skal du utvida bygningssmassen din?

## Kontakt



**Leif Trygve Berge**  
leif.trygve.berge@lr.no  
Mob.98 24 58 39

**NLR Hordaland –  
Rådgiving:**  
Ei heilskapleg og  
samordna rådgiving.

Norsk  
Landbruksrådgiving  
Hordaland  
Sjusetevegen 27  
5610 Øystese  
Tlf: 982 45 838  
E-post: hordaland@lr.no  
http://hordaland.lr.no

NO 882 348 792 MVA



Norsk landbruksrådgiving Hordaland tilbyr byggrådgiving og driftsplan tilpassa ditt behov. Våre fyrsteline-rådgivarar gir innspel til gode løysingar og økonomiske vurderingar av ulike alternativ. Rådgivarane har høy kompetanse og lang erfaring, og er gode diskusjons- og sparringspartnarar.

Me tilbyr:

- Enkle planteikningar for byggtekniske løysingar
- Teikningar godkjende for heile byggeprosessen
- I-pluss analysar for lønsemndsvurdering av ulike produksjonsalternativ.
- Driftsplan med økonomiske kalkyler
- Søknadspapir til Innovasjon Norge

På landsbasis har Norsk landbruksrådgiving rundt 20 byggtekniske rådgivarar med spisskompetanse på ulike område. Gjennom nettverket vårt tilbyr me godkjende teikningar for heile byggeprosessen.

Timepris, sjå nettsida vår, eller ta kontakt.



**Norsk** Hordaland  
**Landbruksrådgiving**

Kompetanse for framtida





**Liv Lyngstad,**  
dagleg leiar  
Næringsutvikling  
Frukt  
Kulturlandskap,  
SMIL og RMP  
Beitebruksplanar




**Mari Aker,**  
rådgivar  
Generell jord- og  
plantekultur  
Ensilering/slått  
Plantevern



**Lise Austrheim,**  
rådgivar  
Intensiv grovfôr-  
produksjon,  
grovfôrkvalitet,  
fornyng av eng/  
beite  
Val av såfrø.



**Ester Helland,**  
rådgivar  
Økonomiråd-  
giving  
Driftsplanar  
Næringsutvikling  
Tilskotssøknadar



**Henrik Tellevik,**  
rådgivar  
Plantevern  
Bær, nisjepro-  
duksjonar  
Generell jord- og  
plantekultur



**Einar Tvedt,**  
rådgivar  
Generell jord- og  
plantekultur  
Økologisk land-  
bruk  
Kulturlandskap,  
SMIL og RMP



**Bart van Gool,**  
rådgivar  
Økonomiråd-  
gjeving  
Intensiv grovfôr-  
dyrking  
Beitebruk



**Leif Trygve Berge,**  
rådgivar  
Mekanisering  
Driftsbygningar,  
ombyggingar  
Økologisk land-  
bruk  
Sauehald



**Gunnlaug Røthe,** rådgivar  
Generell jord- og  
plantekultur  
Økologisk land-  
bruk  
Kulturlandskap  
Skjøtselplan  
Grønsaker



**Jorunn Ringheim**  
Hernes,  
rådgivar  
Generell jord- og  
plantekultur  
Urte dyrking



**Torleiv Bakke**  
Haavik, rådgivar  
Generell jord-  
og plantekultur  
SMIL og RMP



**Anne Lamberg**  
Opsahl, admi-  
nistrasjonsmeda-  
rbeidar  
Generelle  
administrative  
oppgåver

## Medarbeidarar

Lise Austrheim: 98 24 58 31  
[lise.austrheim@lr.no](mailto:lise.austrheim@lr.no)  
Jorunn R. Hernes: 98 24 58 34  
[jorunn.ringheim.hernes@lr.no](mailto:jorunn.ringheim.hernes@lr.no)  
Mari Aker: 98 24 58 40  
[mari.aker@lr.no](mailto:mari.aker@lr.no)  
Gunnlaug Røthe: 98 24 58 35  
[gunnlaug.rothe@lr.no](mailto:gunnlaug.rothe@lr.no)  
Einar Johan Tvedt: 98 24 58 36  
[einar.johan.tvedt@lr.no](mailto:einar.johan.tvedt@lr.no)  
Leif Trygve Berge: 98 24 58 39  
[leif.trygve.berge@lr.no](mailto:leif.trygve.berge@lr.no)  
Bart van Gool: 98 24 58 37  
[bart.van.gool@lr.no](mailto:bart.van.gool@lr.no)  
Ester Helland: 98 24 58 42  
[ester.helland@lr.no](mailto:ester.helland@lr.no)  
Henrik Tellevik: 98 24 58 32  
[henrik.tellevik@lr.no](mailto:henrik.tellevik@lr.no)  
Liv Lyngstad: 98 24 58 30  
[liv.lyngstad@lr.no](mailto:liv.lyngstad@lr.no)  
Torleiv Bakke Haavik 98 24 58 33  
[tbh@lr.no](mailto:tbh@lr.no)  
Anne Lamberg Opsahl 98 24 58 43  
[anne.lamberg.opsahl@lr.no](mailto:anne.lamberg.opsahl@lr.no)



Biletet over: Lise fortel om fôrprøver og visar fram prøvebor til rundballar



Biletet over: Leif Trygve Berge fortel om innstilling av pløgen



**Norsk Landbruksrådgiving** Hordaland

Sjusetevegen 27 5610 Øystese  
Tlf: 98 24 58 38  
Bankgiro: 3411 23 62632  
Org.nr.: NO 882 348 792 MVA  
<http://hordaland.lr.no> • [hordaland@lr.no](mailto:hordaland@lr.no)

## NLR Hordaland 2013

Vi formidlar fagkunnskap til beste for eit landbruk i utvikling. Vi er uavhengige og framtidsette og byggjer rådgivinga vår på høg fagleg kompetanse og lokal kunnskap.

Treng du meir og betre grovfôr?  
Ynskjer du å betre økonomien i drifta?  
Skal du byggje nytt, eller grøfte?  
Har du behov for hjelp til Miljøplan, SMIL- eller RMP-søknad?  
Har du tankar om å starte ein ny produksjon, ei tilleggsnæring eller ny næring?

**Bla om og sjå på våre tilbod!**



Bilete over og til høgre: 3. slått Kvinnherad september 2012

### NLR Hordaland på facebook

Lik sida vår og få nyhende og informasjon om kurs, landbrukstenester og tidsaktuelle aktivitetar direkte til di facebookside.




Viss du ikkje er på facebook kan du likevel gå inn og sjå sida vår, då den er offentlig. NLR Hordaland si facebookside finn du her: <https://www.facebook.com/nlr.hordaland>

## Kompetanse for framtida



Norsk Landbruksrådgiving Hordaland er ein medlemsorganisasjon med ca. 1550 medlemmer.

Dei 10 tilsette har som oppgåve å hjelpa deg, både med faglege spørsmål og med å stetta offentlege krav.



### NLR Hordaland på nett

Her finn du:

Info om kurs og møte

Vekstrapport

Fagstoff som ugrastiltak, gjødsel-  
prisar, attlegg, beite, miljøplan,  
grøfting, kulturlandskap, kultur-  
minner.

Ta ein kikk!

<http://hordaland.lr.no>



## RÅDGIVINGSTILBOD

### Gjødslingsplan og jordprøver

Vi tek kontakt med medlemene kvart 4. år og tilbyr jordprøver og oppdatering av gjødselplan. Ta kontakt dersom du vil gjere nytte av tilbodet utanom dette. Pris jordprøver: Frammøte kr 350, pluss kr 100 pr prøve. Laboratoriet fakturerer for sjølve analysen. Gjødselplan: Timepris.

### NLR Surfôrtocken

Uttak av surfôrprøve med bor som går inntil 6 meter ned i siloen, analyse av nærings- og mineralinnhald og gjæringskvalitet. Oversiktleg tilbakemeldingsrapport med råd for fôr dyrkinga neste år. Tilbod til medlemmer: Kr 1.750 inkl. analysekostnad.

Kontakt: Lise, Gunnlaug eller Mari

### Funksjonstesting åkersprøyte

Sprøyta skal kontrollerast kvart 5. år. Vi kontrollerer teknisk tilstand, går gjennom justering og innstilling og sel delar. Kr 2.000 / kr 3.000 medlem/ikkje medlem. Kontakt: Leif Trygve

### Grøfteplan

Synfaring med diskusjon, munnlege råd og generell skriftleg informasjon. Vi kan òg lage komplett grøfteplan, kostnadsoverslag og arbeidsomtale med dimensjonering og bruk av filtermasse. Du kan få hjelp til nivellering, utstikking av grøftetrasé og anna. Timepris. Kontakt: Trygve Torsteinsen, tlf: 98 24 58 45

### Søknad om tilskot kulturlandskap/SMIL

Søknad med omtale, kostnadsoverslag, bilete, kart og miljøplan trinn 2. Ein kan søkje tilskot til beiterydding/inngjerding, restaurering av murar og hus, tilrettelegging for turferdsle, istandsetting av styvingstre med meir. Timepris

Kontakt: Gunnlaug, Mari, Jorunn, Lise, Einar eller Henrik

### Økologisk drift

NLR Økologisk Førsteråd (GFR): Eit uforpliktande besøk der vi vurderer føresetnadene dine for omlegging til økologisk drift. Gratis.

NLR Rådgivingsavtale: innan dyrking, bygnings-tilpassing, økonomi, nye produksjonar eller utfordringar i drifta. Vi skreddarsyr ein rådgjevingspakke inntil 10 timar. Kr 1.000,-

NLR Økologisk dyrkingsrådgiving: Fagleg og sosial møteplass for økologisk interesserte. Gratis. Kontakt: Leif Trygve el. Gunnlaug.



## Medlemspengar 2013

Alle medlemmer betaler grunnkontingent. Medlemmer med frukt- bær og grønnsakproduksjon betalar i tillegg kulturkontingent. Det same gjer medlemmer med meir enn 100 dekar jordbruksareal. Ein treng betala fleire kulturkontingentar berre dersom rådgivinga i begge kulturane vert nytta.

Grunnkontingent for alle: kr 900

Kulturkontingentar i tillegg:

· Grovfôr 100-200 daa: kr 350

· Grovfôr over 200 daa: kr 650

· Frukt-, bær- eller grønnsakdyrking: kr 550

Dersom deltakarar i ei samdrift søker produksjons-tillegg kvar for seg, skal dei betala kvar sine kontingentar. Dei betalar då grunnkontingent og kulturkontingent som for enkeltmedlemmer.

Privat støtte medlem: kr 500

For tidlegare medlemmer eller andre som ikkje har drift. Ein mottek rådgivingsmeldingar og anna informasjon. Ikkje stemmerett på årsmøtet.

Som medlem får du invitasjon til markdagar.

### Inkludert i medlemspengane

Inntil ein time gratis telefonrådgiving per år.

Ca 15 rådgivingsmeldingar på e-post 33 % rabatt på timepris på rådgiving, god rabatt på kursavgift.

Fri tilgang på internettsidene våre. Internettsidene vert passordbeskytta slik at berre medlemmer får tilgang.

### Nye medlemmer

Nye medlemmer får tilbod om ein introduksjonspakke, levert heime på garden.

Denne inneheld inntil 3 jordprøver med gjødselplan, og 2 timar vegvals-rådgiving eller teig for teig vurdering. Pakken kostar kr 2 500,- (du sparar kr. 1 150,-)

NB: Laboratoriet fakturerer for sjølve analysen av jordprøvane.

Bilete til venstre: Beitevandring på Askøy, mai 2012.

## Bærproduksjon

Vi tilbyr tett oppfølging under etablering av bærfelt og aktuell rådgiving på mail, telefon og ved besøk gjennom heile vekstsesongen. Tilrettelagte rådgivingspakkar etter behov.

Kontakt: Henrik Bilete: Bringebærtunnellar på Fitjar



## Bygningsteknisk planlegging

I samarbeid med Norsk Landbruksrådgiving sine byggtekniske rådgjevarar i andre fylke kan vi tilby planlegging av alle typar landbruksbygg - nybygg, påbygg og ombygging. Planløyisingar, og i tillegg komplette detaljteikningar med styrke- og masseutrekningar om ønskeleg. Kontakt: Leif Trygve

## NLR Bedre bunnlinje

Er eit tilbod om økonomisk rådgiving som skal bidra til betre produksjon og betre økonomi i drifta. Kampanje i 2013 til sterkt redusert pris. Kontakt: Ester

## Økonomirådgjeving

Vi kan vurdere dagens driftsopplegg og diskutere alternativ, inkludert vurdering av kvotekjøp/kvotesal og optimalisering av driftstilskot. Ved nybygg og start av tilleggsnæringar kan vi lage driftsplan med økonomiske kalkylar. Vi kan òg gjere økonomiske vurderingar i samband med omlegging til økologisk drift og erstatningssaker etter vegbygging eller taksering av hjortebeiting. Timepris. Kontakt: Ester eller Leif Trygve

## Næringsutvikling/bedriftsrådgiving

Ved etablering av nye næringar kan vi hjelpe med å lage forretningsplan, søknad om utviklings- og etableringsstipend og investeringstilskot. Vi hjelper i ein strategisk planleggingsprosess, og drøfter moglegheiter og løysingar med deg. Vi kan gi råd i samband med endring i eksisterande driftsopplegg, etablering av samdrift og ved generasjons-skifte, overtaking og start av gardsdrift. Timepris. Kontakt: Ester

## Timeprisar per jan 2013

Rådgiving: kr 900

Medlemmar : kr 603 (33 %)

For medlemmer tek vi ikkje betalt for reisetid/-kostnad, men en oppmøtepris på kr 350,-. Oppdrag vert belasta med minimum 1 time, deretter pr. halvtime.

FMLA, Bioforsk og kommunar som støttar oss: 25% rabatt: kr 675

Alle prisar er oppgjevne utan mva.

## Kurs

Autorisasjonskurs for kjøp og bruk av plantevernmidlar vert lyst ut årleg 6-7 stadar i Hordaland. Gjeld både for fyrste gongs autorisasjonsbevis og fornying av bevis.

NLR Strategisk nærings- og produksjonsutviklingskurs (SNOP-kurs) er for deg som har ein draum om å utvikla garden din til noko meir enn den er i dag.

Kurset vert støtta av :



Andre kurs med god medlemsrabatt finn du på <http://hordaland.lr.no>

## Anna rådgiving

- Arealoppmåling
- Avtalar for samdrift, maskinsamarbeid, beitelag
- Beitebruksplan
- Fellestinging av skjelsand, grus og planter
- Miljøplan
- Planteplan frukt
- RMP-søknad